



Referat

Møte i samferdslegruppa

Møtenummer: 2/2015

Møtedato/-stad: 18. august 2015, Sogndal kommunehus

Deltakarar: Ordførarane Jarle Aarvoll, Harald Offerdal og Jan Geir Solheim. Dagleg leiar: Karina Nerland (referent). Forfall: Ivar Kvalen
Sak 1: Svein Sanden, Avinor

1. Flyplass

a. Hangar

Rapport frå Avinor om prosjektering av hangar var utsendt til møtet. Lufthamnsjefen orienterte om rapporten, presentasjon er lagt ved. Samferdslegruppa ønskjer vurdering av andre alternativ enn stålhall (tilpassa vertihøve) for å sjå om kostnadane kan reduserast. Det er ønskjeleg at næringsnettverket kontaktar bedriftene for å avklara om dei vil vera med å finansiera hangar. Bygging av hangar må sjåast i høve NTP-arbeidet.

b. Lufthamnstruktur

Rapport frå Avinor av 20. mai var utsendt til møtet. Det blir ikkje strukturendringar i denne omgang. Frist for innspel er 20.9. Fylkeskommunen ønskjer innspel så snart som råd. Sak i hovudutval for samferdsle 29.9. og fylkesutvalet 30.9. Utkast var utdelt i møtet. Administrasjonen sender forslag til fråsegn for tilslutting i rådet før den går til fylkeskommunen. Etatane sine forslag til NTP 2018-2027 blir lagt fram februar 2016.

c. Regionale ruteflygingar

Samferdslegruppa møtte departementet 13. april 2015 om flyrutetilbodet og orienterte om prosjekteringen av hangar til nattstasjonert fly. Anbodet er lyst ut og berre Widerøe har levert inn anbod for våre ruter. Etter tidsplanen skulle tildeling av kontrakt skje på sommaren. Samferdslegruppa ønskjer å møta Widerøe saman med Avinor for å få fram moglegheiter og alternativ for flyrutetilbodet og for å presentera planar for flyplassen. Representantar frå næringsliv og frå næringsnettverket blir invitert til møtet.

d. Interessutval for lufthamna

Invitasjon til bedriftene vart sendt 7.4.2015 med spørsmål om deltaking i interesseutval.

Samferdslegruppa inviterer med næringslivet når det er aktuelt og vurderer dette frå sak til sak.

2. Aust-vestsamband - orientering

Orientering om samarbeidet. Det blir arbeidd med å få flere regionar og kommunar/bedrifter med i nettverket.

3. Samferdsleplan - utkast

Samferdsleplan er eitt av tiltaka i tiltaksplanen. Utkast til plan som grunnlag for drøfting i samferdslegruppa var utsendt til møtet. Samferdslegruppa foreslår at framlegg til plan kan leggjast fram for det nye rådet i novembermøtet. Administrasjonen tek inn tilbakemeldingane frå kommunane i vedlegget om prioriterte vegstrekningar.

4. Ymse

- Brev frå fylkeskommunen om kostnadsreduksjonar samferdsle 2016-2019 og rutetilbodet 2016 – frist 1.10.2015 var utsendt til møtet. Fylkeskommunen blir invitert til neste regionrådsmøte for å orientere om arbeidet og om kva område som får reduserte kostnadjar.
- Høgfjellskonferansen 2015, 26.-27. oktober, Golsfjellet. Program er utsendt.



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOWNDAL - Tlf: 57 62 96 14
www.sogn.regionraad.no

Møte i næringsutvikling-/RUP-gruppe - referat

Møtenummer: 2/2015
Møtedato: Onsdag 2.9.2015
Stad: Møterom Gravenstein, Sogndal kommunehus
Deltakarar: Ordførarane Arild Ingar Lægreid, Marta Finden Halset, Ivar Kvalen og Petter Sortland. Dagleg leiar: Karina Nerland. Forfall: Noralv Distad.

1. Tiltaksplan for 2015 - kva er gjennomført og kva står att? Sjå sak 2.
2. Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016
 - Notat med gjennomgang av tiltak og vurdering av planarbeidet var utsendt til møtet. Notatet er diskusjonsgrunnlag for å evaluera arbeidet og vurdera prosess og framgangsmåte for neste plan. Tiltaka for 2015 blir tekne inn i notatet som går til rådet i neste møte. Planprosessen bør byrja på nyåret 2016.
3. Industristrategi – høyring
 - Fylkeskommunen ønskjer innspel via questback. Årdal kommune har sendt svar som næringsnettverket vart orienterte om. Questback er uoversiktleg og upraktisk når ni kommunar skal utarbeida ei felles fråsegn. Rådet si tilbakemelding til fylkeskommunen kan vera at det er viktig at industristrategien blir ein del av verdiskapingsplanen, og visa til fråsegna frå Årdal kommune.
4. Bustadutvikling
 - Notat med oppsummering og tilrådingar som grunnlag for vidare arbeid var utsendt til møtet. Husbanken, fylkeskommunen og Distriktsenteret er positive til å vera med i eit regionalt samarbeid om bustadutvikling i lag med kommunane og regionrådet. Rådet bør drøfta tema til neste møte. Det bør avklarast med kommunane om dei blir med i eit regionalt strategiarbeid innan bustadutvikling.
5. Lærlingeordninga
 - Lærelassar har vore tema i næringsnettverket siste året, og fleire kommunar har alt informert bedrifter om ordninga for å få fleire lærebedrifter. Utkast til partnarskapsavtale var utsendt til møtet, og blir sak og tema i rådet denne hausten.
6. Drosjenæringa - konkrete innspel til korleis rådet kan følgje opp saka
 - Det vart gitt orientering i førre rådsmøte, og rådet ba RUP-/næringsutviklingsgruppa vurdera og tilrå oppfølging i saka. RUP-gruppa tilrår at rådet vurderer å gje fråsegn når yrkestrafikklova er på høyring.



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
13/688-7
Dykkar ref.

Dato
09.09.2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Svar - Høyring industristrategi

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Å svara via questback er uoversiktleg og upraktisk når ni kommunar skal utarbeida ei felles fråsegn. Sogn regionråd gir følgjande høyringssvar:

Sogn regionråd ser det som positivt at det er utarbeidd ein industristrategi og meiner det er viktig at industristrategien blir ein del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025.

Det vert elles vist til fråsegna frå Årdal kommune.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Avinor

Nasjonal transportplan 2018-2027

Framtidig lufthamnstruktur

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til rapporten:

Sogn regionråd støttar Avinor si tilråding om å oppretthalde flyplasstrukturen.

Det er store reiseavstandar i sogneregionen. Nærleik til flyplassen og eit godt flyrutetilbod frå Sogndal lufthamn er derfor avgjerande for lokalt næringsliv og offentlege verksemder.

Sogn regionråd er samd i Avinor sin konklusjon om at nedlegging av Sogndal lufthamn vil gje svært store passasjerulemper i høve til statlege innsparingar. Tilbakemeldingane frå mange verksemder i vår region viser at dei i realiteten ikkje vil ha nytte av eit flytilbod frå ein av dei andre flyplassane i fylket. Reisetida vil i så tilfelle bli uakseptabel lang og det er grunn til å rekna med at dei reisande vil velja andre reisemåtar enn fly.

Gjennomgangen av lufthamnsystemet baserer seg på kriterium for transportstandard, herunder omfanget av statleg støtte og reisetider til alternativ flyplass. Auka total tidsbruk til Oslo ved å leggja ned Sogndal lufthamn synest å vera noko låg. Vi saknar meir utfyllande informasjon om grunnlaget for berekningane i rapporten.

Avinor ønskjer å prøve ut nye modellar for drift av lokale lufthamner og skisserer i rapporten nokre tiltak for auka effektivitet. Sogndal lufthamn er blant dei lufthamnene som mottek lågt statleg tilskot og har 11 avgangar dagleg. Sogn regionråd forstår Avinor sin konklusjon at utprøving av effektive driftskonsept gjeld lufthamner med færre enn fire avgangar dagleg. Om slik utprøving også er ønskeleg for Sogndal lufthamn er flyplasskommunen positiv til dialogen om nye og meir kostnadseffektive driftsmodellar.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Jarle Aarvoll
ordførar Sogndal kommune



Finansdepartementet

Eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk - høyringssvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd gir følgjande fråsegn:

Sogn regionråd ber om at regjeringa forkastar dei to alternative forslaga som i realiteten inneber ei avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk.

Eigedomsskatt er både prinsipielt og økonomisk ei viktig inntektskjelde. Kommunar har stilt areal og naturområde til disposisjon for store utbyggingsprosjekt av kraftlinjer og industrianlegg. Forventa eigedomsinntekter har vore viktig motiv for kommunane si positive haldning til etablering av slike anlegg. Inntektene blir av konsesjonsstyresmaktene rutinemessig framheva som ein positiv verknad. Vi ser det som urimeleg at dei store kraftlinjene og dei store industrianlegga i regionen ikkje skal kunne gje kommunane årlege inntekter i form av eigedomsskatt. Eigedomsskatten er den einaste kommunale skatteordninga for desse anlegga og sikrar at kommunane får sin naturlege og rettkomne del av verdiskapinga.

Som KS viser til vil kommunane få store inntektstap om eigedomsskatten blir fjerna, og som igjen vil gå utover kommunal velferd og tenestetilbod. KS sine utrekningar viser større inntektsbortfall for kommunane enn det departementet har anslått. For regionrådkommunane er inntektsbortfallet berekna til om lag kr 35-38 mill årleg. Departementet sitt endringsframlegg inneber ei dreiling av offentlege inntekter frå kommunesektoren til staten.

Ei avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk framstår som eit brot på den samfunnskontrakten som er inngått mellom staten og kommunane som har stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet.

Det vert elles vist til fråsegnene frå kommunane i Sogn regionråd.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd



Statsråd Robert Eriksson
Arbeids- og sosialdepartementet

Konkurranseutsetjing av attføringstenestene

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Regjeringa har gjort framlegg om å utgreie om ansvaret for varig tilrettelagt arbeid (VTA) skal flyttast frå stat til kommune, jf. Meld. St. 14 (2014-2015) – Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner.

I Stortinget si handsaming av kommunereforma, var formuleringa slik:

«...ansvaret for hjelpe midler og varig tilrettelagte arbeidsplasser allerede delvis er et kommunalt ansvar, og brukerne trenger et helhetlig tilbud. Målet er å gjennom utredningene finne en naturlig balanse mellom statlig ansvar og kommunalt ansvar. Hensynet til brukerne skal stå i fokus for den løsningen som blir valgt».

I dag er det staten som finansierer dei fleste VTA-plassane, og tiltaket er organisert under den statlege arbeidsmarknadspolitikken.

Tiltaket er retta mot personar som elles har få moglegheitar til å skaffe seg arbeid i det ordinære arbeidslivet.

I vår region er det fleire verna bedrifter som kan bli råka av ei eventuell endring. Dette gjeld Balestrand Industrier i Balestrand, Indre Sogn ASVO i Årdal, Vik ASVO i Vik, og Sogneprodukter i Sogndal.

Som ordførarar i regionen er vi uroa for ei eventuell endring i organiseringa av VTA-plassar der ansvaret vert flytta frå stat til kommune.

Vi registrerer at utgreiinga skal vera klar til sommar 2016 og ønskjer å kome med følgjande innspel:

Dersom arbeid til utviklingshemma og andre som treng bistand for å fungera i arbeidslivet må konkurrera om midlar i ein trond kommuneøkonomi, er det fare for at tal arbeidsplassar vert kutta, eller at kvaliteten på tilbodet vert dårligare.

Vekst- og attføringsbedriftene har arbeidsplassar der dei tilsette produserer varer og tenester for ein reell marknad. Dersom arbeidsplassane vert kommunale, kan dette føre til ei gliding frå produksjon og tenesteyting, til rein sysselsetjing eller omsorg.

Personar som i dag har eit godt arbeidstilbod i vekst- og attføringsbedriftene kan risikera at arbeidsplassen vert lagt ned eller gjort om til omsorgs-/aktivitetstilbod. Dei som har behov for ein VTA-plass kan oppleve at kommunen ikkje har råd til å oppretta nye slike arbeidsplassar. Framlegget inneber at dei utviklingshemma og andre som treng bistand i arbeidslivet må kjempa om dei kommunale budsjettkronene, i kamp med skule, barnehagar, omsorgstenester m.m.

Regjeringa har konkurranseutsett store delar av attføringsfeltet, noko som medfører at dei svakaste i arbeidsmarknaden vert ein del av ein marknadsstyrt konkurranse.

Ordførarane i Sogn meiner at dette vil kunne skapa eit därlegare tilbod til desse brukarane, med auka ustabilitet for den einskilde.

Regjeringa sin politikk gjer at NAV avsluttar samarbeidet med ein stor del vekst- og attføringsbedrifter. Vi meiner at dette ikkje er rett strategi for å møta utfordringane i arbeidsmarknaden.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift